

Vedlegg til SØKNAD OM LÅN/LEIGE AV ROM I KOMMUNALE BYGG, pkt lokale/ rom:

Åsane Janitsjar ynskjer å avhalde seminar på Rossland skule. Set opp under ein oversikt over kva rom vi ser føre oss at vi treng. Understrekar at vi ikkje har vore på skulen før, så lista er basert på kva vi «pleier» bruke på andre skular:

Skulekjøkken/kantine – må kunne lage og servere mat til ca 30 stk på ein gong.

Klasserom til å overnatte i. Fredag til laurdag er det berre hovudkorpset, då kan vi greie oss med 4-5 rom. På laurdag kjem aspirantar og juniorar ut, med foreldre, så då treng vi 2-3 rom til.

Øvingsrom. Fredag og søndag er det fellesøving, så då treng vi gymsal el. musikkrom; med plass til heile korpset. Ved henting søndag spelar vi konsert for foreldra, så fint om det her også er plass til litt publikum. Denne salen nyttar vi òg til sosialt samvær laurdag kveld. Til gruppeøvingar laurdag nyttar vi klasseromma.

I tillegg ynskjer vi å få disponere bassenget nokre timar enten laurdag ettermiddag eller søndag formiddag. Vi ynskjer òg tilgang til garderober for dusjing.

Mvh Bente Førde, Åsane Janitsjar.